


Fagtur til Romania med Nasjonalt Museumsnettverk for kulturlandskap 12.-21. august 2016

Sekretariatet har fått mange ynskje om å få til ein studietur til utlandet, og spesielt til Romania. Med bakgrunn i det kan vi no tilby ein fagtur i 2016. Turen er i regi av Klunderud Natur og Kultur (sjå www.naturogkultur.no). Per Ø. Klunderud er godt kjent i Romania og har arrangert fleire faglege gruppereiser hit.

PROGRAM:

Målet for turen er å oppleva eit autentisk kulturlandskap med kulturmarkstypar, tradisjonelle bygningsmiljø, element og arbeidsprosessar. Kulturlandskapet har mange likskapar med det historiske norske kulturlandskapet og kan gje oss nyttige innspel om praktisk formidling og forvaltning av dette. Programmet er skissert nedanfor, basert på ein liknande tur frå 2014. Vi har enno høve til å justera innhaldet noko etter spesielle ynskje frå museumsnettverket.



Figur 1: Dyr på dagsbeite. Foto: Thor Østbye.

På turen skal vi besøka tre ulike jordbrukskulturar. Landsbyen **Viscri** ligg i låglandet. Det er ein av dei klassisk saksiske landsbyene med ca. 500 innbyggjarar. I 1993 fekk den status som verdsarv av UNESCO. Her bur vi i 3 netter. Vi får hjelp av personar frå m.a. ADEPT (arbeider med å bevare biomangfald og samfunnsutvikling i Transylvania). Her kan vi oppleva den daglege buføringa av kyr, hestar og geiter til/frå dagsbeitet. Vi kan også sjå tradisjonelle bygningsmiljø og strukturar, det er m.a. mogeleg å få vitja ein smed. Vi vil også ha ein del vandringar og rundturar:

- Rusleturar i kulturmiljø og kulturlandskap kring Vriscri med lokal kjentmann. (Slått, oppføring av høystakkar, produksjon av ost, kolproduksjon m.m.)
- Vandring gjennom beitemarker, slåttemarkar og skog med høgt biologisk mangfald.
- Vandring til 1-2 stølar/ sauekve m.a. til kjentmannen sin støl. Her har han sauer som vert mjølka tre gonger dagleg.

Gyimes ligg i den ungersktalande Trotusdalen rett innafor grensa til regionen Moldovia (aust for Transylvania) .

I dette området skal vi få innblikk i den tradisjonelle drifta i dalen med hjelp frå gode venner Attila Sarig og Reka Simo, og personar frå organisasjonen Pogany – Havas (eit slags regionråd som med utgangspunkt i m.a. det tradisjonelle jordbruket arbeider for å utvikla turisme og anna næringsverksemd i regionen)

Vi bur 3 netter i sidedalen Aldomas på små pensjonat/ privat innkvartering.



Figur 2: Potetoptak, Gyimes. Foto: Attila Sarig

Magura er ein liten rumensk fjelllandsby som ligg 1000 moh. i nasjonalparken Piatra Craiului. I Magura bur vi 2 netter på pensjonatet Villa Hermani med fantastisk utsikt.

Siste dagen overnattar vi i den saksiske (stor)byen **Sibiu**. På dagen er det eit besøk til "Astra Museum of Traditional Folk Civilization". Museet er eit av dei største friluftsmusea i Europa og ligg vakkert til 8 km sør for byen. For dei som vil utforska byen meir har den m.a. ein godt bevart gamal bydel frå middelalderen.


På tidlegare turar har det også vore stopp på bussturar mellom byane og til nokre av middagane har det vore kulturelle innslag.

Kort oppsummert:

- Ei reise attende i tid til eit levande, autentisk og variert kulturlandskap med klare parallellar til vårt eige norske historiske landskap.
- Mykje tid i felt med fokus på tradisjonell drift og skjøtsel i ulike naturtypar.
- Få innsikt i kva som gjer delar av kulturlandskapet i Transylvania til eit av dei rikaste områda i Europa med tanke på biologisk mangfald.
- Møta engasjerte menneske, organisasjonar og miljø. Benytte tilbod frå småskala turisme og lokale landbruksprodukt.
- Lære om den saksiske kulturen i landsbyen Viscri med omeign, Csango-kulturen i Gyimes og den rumenske kulturen ved besøk til fjellandsbyen Magura.



Figur 3: Høystakkar er framleis vanlege.
Foto: Thot Østbye



GENERELL INFORMASJON

NB! Flyruter for august 2016 er førebels ikkje tilgjengelege, og tider o.l. omtala nedanfor er basert på dagens flytilbod og erfaringar.

Tidspunkt

Utreise fredag 12. august, primært med fly frå Gardermoen kl. 06.45, via Wien og til Sibiu kl. 15.15 (klokka éin time fram). Felles frammøte på Gardemoen kl. 05.00.

Alternativ flytid er kl. 10.05 eller 11.40, via München, og til Sibiu kl. 18.35. (Berre mogleg med gjennomgåande billetter for dette alternativet.)

For begge flytider tas det forbehold om for høge priser/ ikkje tilgjengelege billetter. Dette gjeld spesielt for ruta via München.

Heimreise søndag 21. august, primært med fly frå Sibiu kl. 06.05, via München, og til Gardermoen kl. 10.55. Alternativ 2, same dag, er avreise 16.10, via Wien og til Oslo 22.55.

Ekstra dag i Sibiu (2 netter på same hotell), med heimreise måndag 22. august kl. 06.05 og til Gardermoen 10.55.

Reisearrangør vil evt. kontakte deltakarar for å få «kabal» med flytider og billetter til å gå opp.

I utgangspunkt vil reisearrangøren kjøpe billetter t/r Gardemoen. Der det let seg gjere å kjøpa gjennomgåande billett (utan å ta ut bagasjen) kan arrangøren ordna det. Per i dag er det mogeleg med avreise frå Tromsø, Trondheim, Bergen og Stavanger.

Tal deltakarar

I forhold til storleik på buss og overnattingsstadar er det avgrensa tal plassar, i utgangspunktet 19. plassar.

Dersom det er stor interesse for turen, og fleire søkjarar enn plassar, vil sekretariatet i nettverket vera med å fordela plassane til dei ulike musea.

Overnatting

Overnatting i dobbeltrom (tilgang på enkeltrom er svært avgrensa). I nokre landsbyar kan det vera at me har privat innkvartering i tillegg.

Pris

Estimert pris for heile turen med 10 overnattingar er ca. 14 000 kr (prisen kan variera med omsyn til valutakurs (Euro: 8.50 NOK og rumenske lei 2,00 NOK) og prisendringar på fly, overnatting m.m.

Påmeldingsavgift på kr. 3 500 skal betalast når turen er stadfesta.

Resterande sum skal betalast før turen i 2016. NB! Flybillettar vert kjøpt på personen når turen vert stadfesta. Innbetalt påmeldingsavgift (knytt til flybillettane) vil ikkje bli refundert ved ev. avmelding!

I prisen inngår:

Fly t/r Gardemoen – München/ Wien – Sibiu

Transport i 20 setersbuss med eigen sjåfør

Alle overnattingar i dobbelrom (tilgang på enkeltrom er svært avgrensa)

Middag alle dagar

Lunsj og niste nokre dagar

Utgifter knytt til guidar og besøk

Førehandsinformasjon om området, infobrosjyrar m.m.

I prisen inngår ikkje:

Ekstra kostnader med innanriksfly t/r Gardemoen

Reise til Gardemoen eller eventuell overnatting på Gardemoen

Reiseforsikring (obligatorisk)

Innkjøp av lokal mat til måltider i felt

Nokre stadar inngår ikkje drikke til middagar

Ev. ekstranatt i Sibiu (ingen tillegg for fly)

PÅMELDING

Påmelding skal sendast til Marie Pettersson De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, Vestreim, 6854 Kaupanger eller på mail: marie@misf.no

Frist for påmelding er 2. oktober 2015. Tilbod om tildelt plass vert sendt ut ca ei veke seinare.

Namn:

Institusjon:.....

Telefonnummer: